



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 21.09.2023
Møtested: Synfaringar først, deretter Austrheim samfunnshus
Møtetid: 15:00 - 23:00

Kommunestyret skal på synfaring på dei to skulane.
Startar på Kaland skule, deretter Årås skule.
Den politiske delen av møtet er etter synfaringane, på samfunnshuset.
Frammøte klokka 15:00 på Kaland skule.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
059/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
060/23	Godkjenning av møteprotokoll
061/23	Meldingar
062/23	Orienteringssak
063/23	Godkjenning - Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune
064/23	Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune
065/23	Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - frå steinalder til oljealder - vedtak
066/23	Tilskot privat vassutbygging Utkilneset
067/23	Handlingsprogram VA 2023-2027
068/23	Auka låneopptak Husbanken 2023
069/23	Endra garanti til Sætremarka Burettslag
070/23	Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen
071/23	Reglement, ansvar og mynde for Levekårsutvalet 2023-2027

072/23 Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel

Dato 14.09.2023

Per Lerøy
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	23/865

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/865

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 22.06.2023

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
061/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	23/865

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
061/23.1	Høyring "Innspel til NTP 2025 - 2036 - juni 2023" - til Samferdselsdepartementet
061/23.2	Kommunebarometeret 2023 - rapport for 4632 Austrheim kommune
061/23.3	Møteutskrift sak 17-23 Austrheim Kontrollutval 02.06.23 - Medlemsskap i FKT
061/23.4	Omdanning av interkommunale samarbeid etter tidligare kommunelov § 27
061/23.5	Oversikt over bruken av startlånsordninga - oktober 2019 til juli 2023
061/23.6	Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 5. juni 2023
061/23.7	Vedtak i Eldrerådet - bustader for eldre i Austrheim

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	23/865

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023
078/23	Formannskapet	PS	31.08.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Stein Kåre Løvslett	FA-M77	23/498

Godkjenning - Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune

Vedlegg

Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

Formannskapet - 078/23 - 31.08.2023

FS - behandling:

Sakshandsamar Stein Kåre Løvslett orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at det vart lagt inn kart når dette skal publiserast, slik at det vert tydeleg for innbyggjarane. Ordførar Per Lerøy (Ap) oppfordra til at møtesekretær og sakshandsamar samarbeider om å sjå på ei slik ordning med kart. Løvslett svara at det er vurdert, utan at det er gjort, men at det er noko ein kan sjå nærare på.

Inger Lise Brekke (H) sa at dersom det ikkje blir laga kart, så må det i alle fall informerast godt og det må vera mogleg å ta kontakt med kommunen om ein er usikker. Det kan vera vanskeleg å tolka heilt kva som er tillatt.

Morten Sognes (H) sa at det er viktig at ein kan få informasjon, anten det er hjå kommunen eller frå brannvernet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet si tilråding:

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det har over lenger tid vert fleire uheldige hendingar knytt til bruk av fyrverkeri i samanheng med feiringa av nyttår. Uheldig bruk av fyrverkeri under nyttårsfeiringa 21/22 førte mellom anna til at det tok fyr i taket på eit bustadhus i Austrheim kommune der det låg fleire og sov, mellom anna fleire barn. Merksemd frå naboar hindra ei katastrofe.

For å redusere faren for at dette skjer igjen har politikarane i Austerheim på oppfordring frå innbygarane tatt initiativ til ei forskrift som presiserer og klargjer reglane for bruk av fyrverkeri.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

Høyring.

Formannskapet i Austrheim kommune vedtok i sak FS-044/23 i møte 02.05.2023 å legge ut utkast til forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune på høyring.

Utkast til forskrifta vart lagt ut til høyring på Austrheim kommune sine heimesider. Høyringa vart opplyst i kommunen sine annonsesider i avisa Strilen den 26.05.2023. I tillegg vert høyringsutkastet sendt til politi og Nordhordland brann og redning. Frist for innspel var 07.07.2023

Det er ikkje kome inn nokon merknadar til forskrifta.

Vurdering

I krava i FOR-2002-06-26-922 Forskrift om handtering av eksplosjonsfarlig stoff § 2-10 Håndtering av pyrotekniske artikler og gjenstander femte ledd, § 2-10. *Håndtering av pyrotekniske artikler og gjenstander, femte leden:*

«Oppsetting og avfyring av fyrverkeri klasse II, III og IV, illuminasjon med fakler o.l. må ikke finne sted i tettbebyggelse eller nær tørr skog eller andre brannfarlige omgivelser uten tillatelse fra leder av brannvesenet.»

Som det går fram av forskrifta er det forbod mot oppskyting av fyrverkeri i tettbebygging og i nærleiken av tett skog og anna brannfarlege omgjevningar med mindre brannsjefen har gitt løyve. I praksis fungerer dette forbodet motsett. Brannsjefen kan, når forholda medfører fare for skogbrann, nekte oppskyting av fyrverkeri. For generell bruk av fyrverkeri er det noko vanskelegare. Dette er bakgrunnen for denne lokale forskrifta. Som det går fram av nemnte forskrift er det ikkje lov å sende opp fyrverkeri i tettbebygging utan løyve frå brannsjefen. I utkastet til lokal forskrift vil kommunen presisere kva Austrheim kommune meiner med tettbebygging.

Tettbebygging:

I Statistisk sentralbyrå sin definisjon for tettbebygging heiter det:

"Ei hussamling er eit område med bygningar der avstanden mellom husa normalt ikkje overstig 50 meter. Det er tillatt med eit skjønsmessig avvik utover 50 meter i områder som ikkje kan eller skal bebygges. Dette kan for eksempel være parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturleg høyrer med til hussamlinga, tas med inntil en avstand av 400 meter frå kjerna av hussamlinga.

Ei hussamling skal registrerast som ein tettstad dersom det bor minst 200 personer der, og avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. Det er tillatt med et skjønsmessig avvik utover 50 meter i områder som ikke kan eller skal bebygges. Dette kan for eksempel være parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturleg hører med til tettstedet, tas med inntil en avstand av 400 meter fra tettstedskjernen. De inngår som en satellitt til selve tettstedskjernen."

Austrheim kommune legg til grunn at ei hussamling, husklynge og tettbebygging kan definerast som ulike namn på same type bebygging. I forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10 vert det ikkje sett noko nedre grense for kor mange bygg som inngår i begrepet tettbebygging. I utkastet til lokal forskrifta legg Austrheim kommune til grunn at det må vere minimum 10 bygningar i hussamlinga/tettbebyggingn før brannfaren vert så høg at det innførast eit forbod mot fyrverkeri.

Opprydding:

Til oppstillingsplass for fyrverkeri er det ofte nytta leikeplassar, vegkryss og offentlege plassar som parkeringsplassar og idrettsplassar. Det er særskilt viktig at disse plassane vert rydda når oppskytinga er ferdig. Spesielt vegkryss må vere tilgjengeleg for ordinær trafikk. Det er mange som skal heim frå arbeid og på arbeid i morgontimane på 1. nyttårsdag. I tillegg må det vere framkommeleg for utrykningskøyretøy. Dette krev at dei som sender opp fyrverkeri må rydde før dei forlatar staden.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at utkastet til forskrift vert vedteke slik den ligg føre..

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
064/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Plannavn-Klima- og energiplan, Komnr-4632, FE-144	21/240

Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune

Vedlegg

Referat frå prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune
Invitasjon til første møte i prosjektgruppe energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune
torsdag den 11. mai kl. 18 (kommunehuset)
Melding om vedtak - du er med i prosjektgruppe
Oppretting av ei arbeidsgruppe og ei prosjektgruppe for å redusera ene (L)(280300)

Framlegg til vedtak:

Arbeidsgruppa og prosjektgruppa skal gjennomføra arbeidet sitt i løpet av 2023 og i tråd med vedtak i kommunestyret den 13.04.2023. Intensjonen i ENØK-planen til Austrheim kommune som vart godkjent den 12.04.2018 skal følgjast. Klimaplanen som vart godkjent i 2022 er førande for arbeidet til begge arbeidsgruppene.

Arbeidsgruppa skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Energimerking og kartlegging av seks bygningar skal gjennomførast i 2023.

Arbeidet til arbeidsgruppa vert finansiert frå vedtekne budsjett.

Prosjektgruppa skal kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket, eller produsera sin eigen energi. Dette skal informerast ut til innbyggjarane på ein god måte. Prosjektgruppa skal vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk og produsera sin eigen energi sjølv. Energikonferansen skal haldast i november 2023.

Det vert sett av eit budsjett på kr 200.000 for prosjektgruppearbeidet, dette til møtegodtgjerd, studieturar, energikonferanse, fagføredrag og testar. Midlane kjem på plass og vist i revidert budsjett.

Saksopplysninger:

Kommunestyret vedtok den 13.04.2023 i sak 025/23 følgende:

*Austrheim kommune oppretter ei kommunal **arbeidsgruppe** som skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er at planen skal leggjast fram for kommunestyret 22. juni 2023. Leiar i arbeidsgruppa er ordførar Per Lerøy. Atle Våge, leiar teknisk drift Stian Marøy, prosjektleiar vert medlemmer i arbeidsgruppa.*

*Austrheim kommune oppretter og ei politisk utnemd **prosjektgruppe** som skal kartlegga kva moglegheiter det er for bedrifter og privatpersonar til å produsera energi sjølv i kommunen. Gruppa skal også vurdere korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Gruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst. Gruppa bør ha som mål å gjennomføra ein ny **Energikonferanse** hausten 2023 der dette er tema.*

Arbeidsgruppa vert leia av Per Lerøy. Gruppa har bestemt seg for å få gjennomført energimerking og kartlegging av seks bygningar. Desse er.

- Kaland skule og barnehage
- Årås skule
- Kystbarnehagen
- Kommunehuset
- Austrheimhallen
- Nordliheimen
-

Arbeidsgruppa vil nytta eksterne rådgjevarar for å gjennomføra kartlegginga. Dei har lagt ut oppdraget på anbod med tilbudsfrist 23. juni, og arbeidet vert ferdig i løpet av hausten 2023. Rapporten dei får då vil innehalda framlegg til tiltak som kan spare energi, i prioritert rekkjefølgje ut frå kost/nytte prinsippet. Framlegga til tiltak kan då nyttast som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med budsjett og økonomiplan.

I møte den 2. mai vedtok kommunestyret kven som skal vera med i prosjektgruppa. Desse er: *Reidar Øksnes, Maria Sognnes, Ådne Utkilen, Helge Dyrkolbotn, Nikolai Fivesdal Semmingsen, Rolf Vik og Aslak Bakke.*

Prosjektgruppa valde i møte den 11. mai Aslak Bakke som leiar for prosjektgruppa. Asbjørn Nagel Toft er sekretær for prosjektgruppa. Prosjektgruppa ynskte å læra meir om fjernvarme til industrien på Sløvågen, dei ynskte å få på plass ein studietur til Sløvågen. Prosjektgruppa ville prøve å finna noko andre bedrifter å besøke, og sjå på kva firma/kommunar som gjer spennande ting. Vindturbinar i store utbygde næringsområde ville dei og sjå på og vurdere. Prosjektgruppa ynskte å læra meir om vertikale vindturbiner, mindre gardsvindturbiner og varmpumper. Prosjektgruppa vil og læra meir om energi frå sol, vind, geo- og sjøvarme, tidevatn, tidvasstraum, bølger og fjernvarme frå industri og småskala kjernekraftverk. Det å få samla energien som vert produsert til nettet vårt er og sentralt.

Prosjektgruppa ynskte å bruka elevane på Austrheim vidaregåande skule til å kartleggja forbruket av straum i Austrheim kommune. Referat frå møte i prosjektgruppa den 11. mai er vedlagt.

Vurdering:

Kommunedirektøren vil peika på at arbeidsgruppa må følgja opp intensjonen i ENØK-planen til Austrheim kommune som vart vart godkjent den 12.04.2018. Enøkplanen har mellom anna som mål at lønsame, energisparande tiltak skal kartleggast og gjennomførast slik at driftskostnadene vert reduserte utan at dette går ut over ytre miljø, inn klima og øvrige funksjonskrav. Enøkplanen har med ei tiltaksliste.

Kommunedirektøren synes det er viktig at arbeidgruppe skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Målet er å finna kostnadseffektive og miljøvenlege løysingar som skal bidra til at me når energi- og klimamåla lokalt, regionalt og nasjonalt. Etter fullført kartlegging skal det lagast ein enkel handlings- og investeringsplan for tiltaka som kan gjennomførast i kommunal regi. Arbeidet må leggast fram på eit kommunestyremøte innan desember 2023.

Kommunedirektøren vil peike på at prosjektgruppa skal kartleggja kva bedrifter og privatpersonar kan gjera for å produsera energi sjølv i kommunen. Dette kan vera energi frå vind, geo- og sjøvarme, tidevatn, tidvasstraum, bølger, sol og fjernvarme frå industri, men og andre miljøvenlege og naturlege energiberarar. Det er viktig at prosjektgruppa også skal vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk. Prosjektgruppa skal også kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket, eller produsera sin eigen energi. Det at prosjektgruppa vil ha ut denne informasjonen til folket er positivt. Det å informera innbygarane våre på kva krav som uansett kjem framover frå nasjonalt hald og EU, det er og viktig informasjon her. Prosjektgruppa har som mål å gjennomføra ein Energikonferanse i november 2023. Kommunedirektøren synes det er positivt at dei vil invitera Enova/Husbanken/forskarar til denne konferansen.

Kommunedirektøren vil informera om at **Klima- og energiplanen** som vart godkjent hausten 2022 er førande for arbeidet til begge arbeidsgruppene. Her står det:

Kommunestyret har som klimamål at Austrheim kommune i 2030 skal vera utleppsfri, i år 2050 ein 1,5- graderskommune. Austrheim kommune skal vera ambisiøs i si satsing framover på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Det gjeld og satsing på gang- og sykkelveggar og tiltak innafor friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautesleppa i kommunen.

Kommunedirektøren er glad for at dette arbeidet noe er kome i gang, handling er viktig for å nå våre eigne klimamål. Kommunedirektøren rår til at mandat og ramme/budsjett for dette arbeidet vert vedteke slik det står i framlegg til vedtak.

Konklusjon:

Mandat og budsjett for dette arbeidet vert vedteke slik det står i framlegg til vedtak.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
065/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE-113	23/728

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - frå steinalder til oljealder - vedtak

Vedlegg

Kulturmiljøplan for Austrheim kommune
Hamneboltar i Austrheim kommune - 1
Sjømerker i Austrheim kommune - 1
Fonnes før i tida
Skilt steinalderstien Fosnstraumen
Vegen til fastlandet - elevarbeid
Kulturminneskilt Vardetangen

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder»

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kulturminneplanen har fått tittel: «Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032, frå steinalder til oljealder». Det er ein temaplan og kommunen fekk tilskot til planarbeidet frå Riksantikvaren. Mona Brekkan var tilsett i 50% prosjektstilling i ein periode i 2016 for å laga eit planframlegg. Ei administrativ, tverrfagleg arbeidsgruppe og to representantar frå Kyst- og sogelaget har stått sentralt i arbeidet med planen. Innbyggjarar, eldsjeler, råd og lag har kome med innspel. På grunn av endringar i organisasjonen har arbeidet med ferdigstilling av planen teke tid. Kulturminneplanen er revidert og tilpassa ny organisasjon og endringar i Austrheim kommune, Vestland fylkeskommune, overføringa av oppgåver frå Riksantikvaren til regionalforvaltninga. Kulturverntenesta i Nordhordland, og kommunesamanslutningar. Kulturverntenesta i Nordhordland ved Solveig Jordal og Arild Sætre, plansjef Asbjørn Toft og leiar for kultureininga Kari Torkildsen

Utkilen har slutført kulturmiljøplanen som vart lagt ut på høyring med frist 20. august 2023.

Vurdering

Det er kome høyringssvar frå Vestland fylkeskommune og Austrheim sogelag, som begge fekk utvida høyringsfrist til starten av september.

Vestland fylkeskommune:

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 01.09.2023

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at framlegget har potensiale til å bli ein god kulturmiljøplan for Austrheim kommune.
2. Vestland fylkeskommune meiner at planframlegget er innhaldsrikt, men uferdig. Austrheim kommune vert oppmoda til å arbeide vidare med kulturmiljøplanen. Særleg gjeld dette å etablere tenlege omsynssoner der ein gjer bruk av plan og- bygningslova til å sikre vern av prioriterte kulturminne under rullering av kommuneplanen sin arealdel.
3. Handlingsplanen har ei rekkje tiltak som langt på veg svarer på dei utfordringane kulturminna i Austrheim står andsynes. Vestland fylkeskommune er nøgd med at kommunen har løyvd midlar til tilsotsordningar for formidling av kulturminne og for vern og vøling av kulturminne i Austrheim.

Kommentarar til innspela:

Pkt.1:

I kulturmiljøplanen for Austrheim kommune, kap. 3.2 står det:

« Denne første utgåva av planen gjer såleis ikkje krav om å vere fullstendig og uttømmende. Derimot markerer han starten på ein langvarig og strategisk arbeidsprosess der ein først må fokusere på å verna og prioritere kulturminne i Austrheim. Dette inneber ikkje at alle verneverdige og viktige kulturminne har komme med i planen då ei viktig prioritering er å få oversikt. I tillegg er det også slik at mange kulturminne ikkje er oppdaga eller registrert enno. Dei kulturminne som vert løfta fram, er hovudsakleg dei som allereie er registrerte, evaluerte og dokumenterte av ulike fagpersonar, instansar og ulike kjelder.»

Pkt.2:

I kulturmiljøplanen i kap. 2, pkt 2.3.1 Lokal forvaltning – Austrheim, har vi føya til meir informasjon om bruk av omsynssone i forvaltning av kulturminne. Dei viktigaste kulturmiljøa må vurderast som omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Tenlege omsynssoner omkring kulturminne og fornminne er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2019. Vi legg og inn dette i reguleringsplanar når vi regulerer område der det er kulturminne med, til dømes i Nordre Fønnesvågen, Leirvågen og ved Ikornsåta. I kulturmiljøplanen til Austrheim kommune er det teke med at kommunen vil vurdere omsynssone

for freda kulturmiljø på Krossøyna, kap. 14 Handlingsplan, Tiltak forvaltning, pkt. 10.

Det vil også vere aktuelt å vurdere omsynssoner for andre viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap i kommunen. Dette er eit større arbeid og ein prosess som ikkje er mogeleg å gjennomføre i samband med ferdigstilling av kulturmiljøplanen. Handlingsdelen skal rullerast årleg og handsamast i kommunestyret, og fleire omsynssoner kan takast med i rulleringar av planen.

Pkt.3:

I kap. 14 Handlingsplan er det teke med oppretting av kommunale tilskotsordningar for forvaltning, formidling og bevaring/tilrettelegging. Denne delen skal rullerast årleg og handsamast av kommunestyret.

Høyringsvar frå Austrheim Sogelag:

«Austrheim sogelag har gått gjennom Kulturmiljøplanen. Kommentrane til planen vart gjennomgått på styremøte 30.8. 23. Eitt par punkt vart lagt vekt på:

- Geografiske namn. Bør vera skrivne slik dei er brukt i Austrheim sine bygdebøker eller i Nordhordlanskartet.
- Planen manglar kart.
- Det har ikkje vorte tid til å gå skikkeleg gjennom kapittel 14 Handlingsplan. Men kvernhusa på Hopland bør få eige punkt. Det er ynskjeleg at Handlingsplanen vert tatt opp att tidleg i 2023.

Våre kommentarar og ønskje om rettingar ligg ved. Styret i sogelaget takkar for at laget fekk utsett høyringsfristen»

Kommentarar til innspela:

- Kulturmiljøplanen skal språkvaskast før planen vert publisert offentleg. Vi vil følge standard for geografiske namn. Vi går igjennom liste over rettingar og vil rydde i kapitteloverskrifter. I ferdig plan skal vi ta med fleire foto og endre til foto utan skugge.
- I ferdig kulturmiljøplan skal det vere med kart der viktige kulturminne er kartfesta.
- Kvernhusa på Hopland har eige punkt i kap. 7.5. I handlingsplanen kap. 14 står det nemnd under «Tiltak bevaring og tilrettelegging» nr 31. Vi får vurdere om kvernhusa på Hopland skal ha eige punkt i handlingsplanen ved rullering som skjer kvart år i samband med sakshandsaming av økonomiplan og årsbudsjett.
- Vedlegga som er utgjeve av Austrheim sogelag er byttet ut med ny versjon. « Sjømerker i Austrheim» og «Hamneboltar» og referansar er retta i planen.

Kulturmiljøplanen er positiv for folkehelsa, og nokre av kulturminna kan sjåast i samanheng med turstiar.

«I fortida er dei røtene feste som notida skal bygge si framtid på». Eit godt sitat frå muséet på Mongstad. Planen tek omsyn til FN sine berekraftsmål. Ein kulturmiljøplan vil ha ein positiv verknad for miljøet, for Austrheim kommune og sin del av Nordhordland UNESCO BIOSFÆRE: «Nordhordland er valt ut som eit UNESCO biosfæreområde fordi regionen på ein framifrå måte kan stå som læringsområde for berekraftig utvikling. Dette er regionen som er best eigna til å representere det

moderne og framtidretta, godt rotfesta i vår natur- og kulturarv: Vi er eit lite stykke Noreg». Ref. nettsida: <https://nordhordlandbiosphere.no/>

Kapittel 14: Handlingsplan.

Handlingsplanen skal rullerast årleg og handsamast i kommunestyret. Tiltaka i handlingsplanen skal byggja opp under målsetjingar, og prioriteringar i planen. Tiltaka skal ha fokus på kystkultur, og Austrheim sin plass i historia frå steinalder til oljealder.

Handlingsplanen er delt inn i tre arbeidsområde:

- Tiltak forvaltning
- Tiltak formidling
- Tiltak bevaring og tilrettelegging

Tilskotsordningane må vere med i den årlege budsjettprosessen:

- *Tilskotsordning til formidling
- ** Tilskotsordning til vøling

Konklusjon

Kommunestyret vedtek «Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder»

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/23	Formannskapet	PS	31.08.2023
066/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Vaage	FE-223, FA-M10	23/919

Tilskot privat vassutbygging Utkilneset

Framlegg til vedtak:

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

Formannskapet - 077/23 - 31.08.2023

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Vil no innstilla på anleggsbidrag.

Det er stramma inn i administrasjonen at dei vurderingar som er gjort skal dokumenterast betre, det har ikkje vore bra nok så langt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ei sak både for vatn til Utkilen og vatn til Krossøy, der det er spørsmål kring den informasjonen som er gitt til innbyggjarane. Kommunen sin praksis har vore at kommunen har dekkja forsyning fram til knutepunkt, og så gitt støtte til private vasslag for å hjelpa dei med å få vatnet heilt fram. Tilsvarande er det naturleg at ein skulle gjort også for Krossøy og Utkilneset. Oppfattar at det er valt for små dimensjonar av dei som har jobba privat med dette, på bakgrunn av at det er gitt feile opplysningar frå administrasjonen, noko som er veldig uheldig.

Lerøy (Ap) spurte vidare om ein ikkje kan ta over anlegget og gje investeringstilskot på 50 eller 100 prosent, ved å gje dispensasjon frå VA-normen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at det ikkje er søkt om overtaking, dersom det skal gjerast, må ein ta det opp som ei ny sak.

Morten Sognnes (H) sa at han oppfattar det slik at utbyggarane er ført bak lyset når det gjeld kva som skulle til for å oppfylla kommunen sine krav for å overta anlegget. Skulle gjerne dekkja meir enn ein tredel slik som det ligg i saka.

Ordførar Lerøy (Ap) og Dyrkolbotn (KrF) sa at det nok vil komma nye søknader frå både Krossøy og

Utkilen om denne saka vert vedteken. Alternativt kan ein senda saka tilbake til administrasjonen for å få dette som ei investering og ikkje over driftsbudsjettet. Om dette svara Fjellhaug at det er tale om å ta frå driftsbudsjettet for 2024, så ein kan gjera vedtak her og ev. sjå om det kjem ny søknad før 2024.

Ordførar Lerøy (Ap) sa at det er viktig at ein dokumenterer det som blir avtala i ulike møte.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det vart i løpet av 2021 gjennomført privat utbetring av vassforsyning til 7 hus og hytter på Utkilneset. Utbygginga er gjort slik at det og vil vera mogleg for nye einingar i området å kopla seg på. For tida pågår klargjering av fleire tomter i området.

I forkant av den private utbygginga sende oppsitjarane formell søknad til kommunen om tilskot. Oppsitjarane hadde og munnleg dialog med administrasjonen før oppstart, mellom anna om valet mellom sjøleidning eller leidning over land. Det finst ikkje skriftleg dokumentasjon frå denne dialogen.

Leidning vart lagt over land med mindre dimensjon enn kravet i den gjeldande VA-norma. Oppsitjarane hevdar trasè og tekniske løysingar vart valt i samråd med kommunen. Vidare at administrasjonen før arbeidet starta gav munnleg signal om at delar av dei private sine kostnader ville bli dekkja av kommunen dersom ein valde trasè over land i staden for å leggja ny leidning i sjø.

Kommunestyret avviste 17. februar 2022 å støtta utbygginga. Det vart i saksutgreiing og vedtak vist til at dimensjon på leidning er mindre enn kravet i VA norma. Konsekvensen av for liten dimensjon er at kommunen ikkje ville kunne overtatt anlegget. Det betyr igjen at eit eventuelt tilskot må gjevast over driftsbudsjett, ikkje investeringsbudsjettet.

Driftsbudsjettet til kommunen i 2022 hadde ingen post for slikt tilskot. Avslaget i kommunestyret vart grunna i at det ikkje fanst midlar på driftsbudsjettet, utan at ein handsama spørsmålet om kor vidt kommunen hadde forplikta seg munnleg ovanfor oppsitjarane.

Kommunedirektøren vel å leggja saka fram på nytt, for å få ei politisk vurdering av kor vidt

kommunen har brote rettleiingsplikta i forvaltningslova, og kor vidt det vart gitt løfte til oppsitjarane som kommunen har eit moralsk ansvar for å stå ved.

Saksopplysningar:

Utkilneset hadde kommunalt vatn også før utbygginga. Dette vart ført frå det offentleg vassnettet gjennom privat leidning i sjø lagt gjennom Kilstraumen. Denne leidninga var utsett for naturkreftene, og førde til store utfordringar for eigarane. Leidninga påførte også Austrheim kommune ekstra utgifter grunna store og hyppige lekkasjar.

Ny leidning vart lagt over land i 2021. Endringa vart gjort mogleg etter utbetringar på kommunen sitt leidningsnett som gjorde det mogleg å endra tilknytingspunkt for Utkilneset.

For at det skulle vore aktuelt at kommunen tok over fellesdelen av den nye leidninga, måtte denne ha vore bygd etter VA-norma. Så lenge leidninga har mindre dimensjon, er det berre tilskot som er aktuelt.

Oppsitjarane søkte formelt om tilskot 2. april 2021. Denne søknaden er journalført hjå kommunen. I søknad går det fram at grunneigarane opprinneleg ønska å leggja ny leidning i sjø, men at dei etter dialog med kommunen sin VA-ansvarlege har valt alternativ trasè på land. Oppsitjarane opplyser vidare at anlegget vert prosjektert for inntil 14 einingar for å gjera det mogleg for dei unytta tomtene i området å knytta seg på seinare. Estimert kostnad i søknad var oppgitt til 450 000,- eks mva.

Etter at kommunestyret avviste å gje tilskot i møte 17. februar 2022, fekk oppsitjarane tilsendt særutskrift av vedtaket med opplysning om klagefristen på tre veker. Det vart ikkje sendt klage på vedtaket innan fristen.

I ettertid har oppsitjarane kontakta administrasjonen og bede om ei ny vurdering. Dei meiner at dei valde ei dyrare løysing etter råd frå kommunen, og at kommunen sin administrasjon munnleg lova eit kommunalt bidrag dersom denne løysinga vart valt.

Samla kostnad for den private utbygginga kom på i underkant av kr 900 000 inkl mva. Av denne summen er noko utgifter knytt til leidningar til den enkelte hus/hytte. Ut frå tilsendte fakturakopiar vurderer kommunedirektøren felleskostnadane til kr 646 675 inkl mva.

Vurdering

Lov om behandlingsmåte i forvaltningssaker (forvaltningslova) kapitel 3, paragraf 11 seier at forvaltningsorgan har ein alminneleg rettleiingsplikt. Vidare at forvaltningsorgan som handsamar saker for private parter på eige initiativ skal vurderer partane sitt behov for rettleiing. Vidare at forvaltningsorganet er pliktig til å gje rettleiing om gjeldande lover, forskrifter og vanleg praksis for

det aktuelle saksområdet.

Forskrift til forvaltningslova kapitel 2, seier at forvaltningsorganet sjølv avgjer om vegleiing skal gjevast skriftleg eller munnleg.

Endring av trasè frå sjø til land viser at det har vore dialog mellom kommunen og oppsitjarane. Kommunedirektøren finn det sannsynleg at også dimensjon på leidning må ha vore eit tema i denne dialogen. Slik kommunedirektøren vurderer det, kjem det då inn under kommunen si rettleiingsplikt å klargjera for oppsitjarane kva tekniske løysingar det var krav om for å oppnå anten kommunalt tilskot eller kommunal overtaking av anlegget.

Å leggja ny leidning i trasè over land, gav høgare kostnad for oppsitjarane enn kva ei ny sjøleidning ville gitt. Det framstår difor sannsynleg at denne endringa vart gjort etter oppmoding frå administrasjonen.

Søknad om tilskot er journalført i kommunen sitt sakshandsamingssystem 7. april 2021. Søknaden inneheldt mellom anna kart som viser planlagt trasè. Søknaden inneheldt ikkje opplysningar om planlagt dimensjon på leidning.

Faktura frå grunnentreprenør viser at arbeidet vart starta i august 2021. Austrheim kommune hadde såleis fire månadar på seg til å gjera nødvendige avklaringar med dei private når det gjaldt tekniske løysingar og dimensjon på leidning.

Kommunedirektøren vurderer rettleiingsplikta slik at kommunen i løpet av desse fire månadane burde tatt initiativ og kontakta oppsitjarane for å avklara spørsmålet om leidningsdimensjon. All den tid saka mellom anna handla om eit eventuelt økonomisk bidrag frå kommunen, meiner kommunedirektøren at det ville ha vore naturleg at denne kontakten vart gjort skriftleg og journalført.

Som motargument kan ein føra at kommunen si VA-norm er tilgjengeleg på kommunen si nettside, og godt kjent for røyrleggjarverksemda dei private hyra inn til å gjera arbeid på Utkilneset. I norma går det klart fram at 100 mm normalt er minste dimensjon for offentleg leidning. Denne dimensjonen hadde og gitt høgare krav til utføring av grøft og dermed påført prosjektet høgare kostnader. Ein kan såleis ikkje utelukka at oppsitjarane har tatt eit medvite val om å leggja leidning med mindre dimensjon for å spare kostnader.

Vidare går det fram av kommunen sitt sakshandsamingssystem at oppsitjarane mottok særutskrift av kommunestyret sitt avslag der det var opplyst om klagefrist utan at det vart sendt inn formell klage. Ein kan såleis hevda at kommunen har gitt oppsitjarane det høvet til å klaga som lova krev.

Folkehelse

Utbygginga er allereie ferdigstilt, spørsmålet om eventuelt kommunalt tilskot har såleis ingen konsekvens for folkehelse.

Miljø

Utbygginga er allereie ferdigstilt, spørsmålet om eventuelt kommunalt tilskot har såleis ingen konsekvens for miljø.

Økonomi

Eit eventuelt tilskot må takast frå kommunen sitt driftsbudsjett. Konsekvensen vil vera at kommunen har tilsvarende mindre beløp til å driva vedlikehald på det kommunale leidningsnettet.

Vurdering storleik av eit eventuelt tilskot

Eit tilskot kan seiast å skapa ein viss presedens for eventuelle seinare utbyggingar av tilsvarende karakter. Regelverket opnar for inntil 50% tilskot til private utbyggingar. For Utkilneset handlar det dels om å bytta ut ei eksisterande privat leidning som ikkje fungerte godt nok. Dels er det usemje og manglande dokumentasjon frå begge partar på dialogen før utbygginga. Samstundes løyser utbygginga også problem for kommunen, og opnar for at nye bustader kan knytta seg til offentleg vatn. Ut frå ei totalvurdering finn kommunedirektøren at kommunalt tilskot tilsvarende 1/3 av felleskostnad er rett nivå i den aktuelle saka.

Konklusjon

Forvaltningslova paragraf 17 seier at eit forvaltningsorgan skal syta for at ei sak er så godt opplyst som mogleg før vedtak vert gjort. Saksutgreiinga til kommunestyret 17. februar 2022 omhandlar berre dei økonomiske forholda, dialogen i forkant og eventuelle løfte gitt av kommunen er ikkje omtalt.

Det framstår truverdig at administrasjonen har gitt oppsittjarane ei eller anna form for signal om at kommunen ville bidra økonomisk i prosjektet. Kommunedirektøren vurderer det slik at dialogen mellom oppsittjarane og administrasjonen har vore heilt eller delvis avgjerande for kva løysingar som vart valt, og at denne dialogen difor burde ha vore omtalt i saksutgreiinga til kommunestyret.

Av den totale kostnaden, vurderer kommunedirektøren at kr 646 675 kan sjåast som felles kostnad. Sjølv om anlegget er privat, løyste det og problem som har påført Austrheim kommune kostnadar, og opnar for at framtidige bustader kan knytta seg på kommunalt vatn. Ut frå dette finn

kommunedirektøren at det bør gjevast eit tilskot, tilsvarande 1/3 av felleskostnaden.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
067/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Vaage	TI-&38	23/1010

Handlingsprogram VA 2023-2027

Vedlegg

Vedlegg 1 - handlingsprogram med kostnader

Vedlegg 2 - rapport VA-plan Norconsult

Innspel - til handlingsprogram for vatn og avlaup 2023 - 2027

Framlegg til vedtak:

Handlingsprogram for vatn og avlaup 2023-2027 vert godkjent slik det ligg føre.

Handlingsprogrammet kan rullerast årleg i samband med utarbeiding av økonomiplan.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Eksisterande hovudplan for vatn og avløp vart vedtatt i 2017 og gjeldt for åra 2017-2027.

I samband med budsjetthandsaminga i kommunestyret 15.12 2022, vart det vedtatt eit verbalpunkt som seier; «*VA-planen må oppdaterast og kommunestyrevedtaket om vatn til Førland må innarbeidast i planen.*»

I kommunestyret 13.04.2023 vart det godkjent at oppdateringa berre skulle omhandla sjølve handlingsprogrammet i planen, ikkje ein fullstendig ny VA-plan. Hovudargument for vedtaket var at det framleis er store, uløyste oppgåver i den gjeldande planen.

EU sitt avlaupsdirektiv er under revidering. Det er varsla nye og strengare krav til reinsing av avlaup. Dette direktivet vil leggja store føringar på Austrheim sine prioriteringar innan vatn og avlaup dei næraste åra.

Saksopplysningar

Anlegg for vassforsyning

Austrheim har uløyste oppgåver både innan fornying, beredskap og vidare utbygging. Delar av eksisterande nett er av eldre dato, eller lagt på ein slik måte at det gir høg risiko for brot og lekkasjar. Kommunen har per i dag berre vassforsyning frå eit enkelt punkt, leidning inn frå nabokommunen ved Mongstad. I tillegg har høgdebassenget liten kapasitet. Dette gir kort tid frå brot i vassforsyninga oppstår, til ein må stoppa leveransen til innbyggerane. I tillegg er det risiko for at det vil mangla tilstrekkeleg sløkkevatn ved brann.

Leidning frå Radøy vil sikra Austrheim vatn inn frå to ulike kantar. Vidare utbygging kan sikra «ringvegar» for vatn og dermed gje auka leveringstryggleik ved at færre mister vatnet ved leidningsbrot.

Oppgradering ved næringsområda ved Mongstad er avgjerande for å kunna leggja til rette for ytterlegare etablering/nye arbeidsplassar.

Eldre leidningsnett gir auka risiko for lekkasje eller reine brot og svikt i vasstilførsel. Ikkje planlagde reparasjonar av brot/lekkasjar medfører høg kostnad. Austrheim er og i ein situasjon der kommunen ikkje har eigen vassproduksjon, men betalar per kubikk gjennom avtale med Alver. Lekkasjar er dermed kostbare i seg sjølv. Gamle/dårlege leidningar aukar og risikoen for at masse frå grøfter vert sugd inn i vassrøyra, med påfølgande ureining i drikkevatnet.

Dagens høgdebasseng ved Årsfeltet rommar 350 m³. Kravet for å ha tilfredsstillande naudvatn og brannvatn er minimum 800 m³. Denne storleiken har som føresetnad at ny vasstilførsel via Radøy kjem på plass.

Utviklinga dei seinaste åra har gitt auka fokus på beredskap. Eit punkt styresmaktene har fokus på er fare for sabotasje mot vassforsyning. Dersom det skulle oppstå ein situasjon der forsyninga frå Alver vert broten for lengre tid, vil andre vatn i Austrheim kunne forsyne innbyggerane med naudvatn som kan brukast til alt utanom drikkevatn. Behovet for utkjøring/alternative leveringsmetodar for vatn vil då bli redusert til berre drikkevatn.

Anlegg for avlaup

Austrheim har manglande eller mangelfull reinsing på store delar av det kommunale avlaupsnett.

EU sitt avløpsdirektiv er for tida under revidering. Nytt direktiv vil få stor innverknad også for Austrheim kommune. Mellom anna er det foreslått å fjerna skiljet mellom utslepp til ferskvatn og sjø. Definisjonen av tettstader vert skjerpa inn, det same vert krava til reinsing.

Krava til reinsing vert fastsett ut frå samla utslepp frå innbyggerar og næringsliv. For Austrheim vil dei to hovudkretsane Mastrevik/Austrheim/Års og Litlås/Mongstad/Kaland/Fonnes begge koma inn

under gruppa som tilsvarar utslepp frå 1000-2000 innbyggjarar. Framlegget til nytt direktiv gjev kommunen frist til 2030 med å tilfredsstilla dei nye krava. I praksis betyr dette at avløpet frå dei to krinsane må samlast i nye reinseanlegg, og pumpast til utslepp på tilstrekkeleg djupne i Fensfjorden.

Det marine verneområdet i Lurefjorden set og ekstra krav til reinsing av avløp i store delar av Austrheim kommune.

Avløpet frå næringsområdet i Mongstadkrysset og alle som bur på Litlås og Kalandsjøen går i dag gjennom slamavskiljar ut i det indre fjordbassenget innanfor Bakkastraumen bru. Det same gjeldt for delar av Fonnes og Tresvik. Kjem ikkje godkjent anlegg på plass, kan det stoppa vidare etablering av både bustader og næring. Føreslegen løysing er å etablere reinseanlegg i området ved Fonnes molokai, og pumpa det reinsa vatnet vidare ut på tilstrekkeleg djupne i Fensfjorden. Delar av nødvendig leidningsnett for denne løysinga, kan leggest i allereie regulert gang- og sykkelveg langs FV 57, FV 565 og kommuneveg mot Fonnesvågen.

Tilsvarande må det byggjast nytt reinseanlegg i Blodvika med tilstrekkeleg kvalitet og kapasitet for Mastrevik-krinsen, og alt avlaup i området må pumpast til dette anlegget. Reinsa vatn vert pumpa vidare frå Blodvika og ut på tilstrekkelege djupne i Fensfjorden. Den nye reguleringsplanen for Mastrevik som vart godkjent i kommunestyret mai 2023, set rekkjefølgjekrav om at reinsing av avlaup på vera på plass før nye bustader og bygg for Austrheim vidaregåande skule kan få byggjeløyve. Det same gjeldt for Kystlandsbyen, vidare utvikling er avhengig av at tilfredsstillande avlaup er etablert.

For Heiane-området var det opprinneleg føreslått eit mindre reinseanlegg nær bustadfeltet. Ut frå kostnad på bygging og drift av slike anlegg, vert det no føreslått å heller pumpa avlaup herifrå til eit nytt reinseanlegg i Blodvika.

Vidare er det tilrådd å etablere eit mindre reinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett for eit avgrensa området i Øksnes, samt føra det reinsa vatnet ut på tilstrekkeleg djupne i Fensfjorden.

Framlegget til handlingsprogram har vore på høyring. Det har berre kome eit høyringsinnspel, frå oppsitjarar på Førland. Desse viser til at i tekstframlegget framstår uklart kva rekkjefølgje kommunen ser for seg vidare utbygging av nettet opp mot fornying av eksisterande leidningsnett. Videre vert det vist til at kommunestyret i 2017 sak 23/17 vedtok at vatn til Førland har prioritert etter at ny vassleidning er lagt til høgdebassenget. Oppsitjarane bed om at leidning frå Solend til vestsida av Austrheimvegen vert lagt i løpet av 2024/25, og vidareføring av leidning sørover på Førland i 2026/27. Sjå kommunedirektøren sine vurderingar under avsnittet «vurdering».


Forventa auke i gebyr

Behovet for investeringar vil tvinga fram kraftig auke i gebyra for innbyggjarane i Austrheim. Verksemda Momentum står for utrekning av gebyr innan vatn og avlaup. Tabellen under viser Momentum sin prognose for gebyr ved ei årleg investeringstakt på 10, 20 og 30 millionar årleg. Som

ein ser, må det forventast doubling og mogleg og tredobling av gebyra i løpet av dei komande ti åra.

Utrekninga har lagt til grunn like stor investering i vatn og avlaup. Samla gebyr kostnad kan haldast noko nede dersom kommunen heldt investeringane innan vatn nede i perioden med tunge investeringar innan avlaup.

Figur 1 viser utviklingen av normalgebyret ved de forskjellige scenariene på VA-området.



Figur 1: Utvikling av normalgebyret på VA-området

Vurdering

Det har berre kome eit innspel i høyringsrunden. Oppsitjarane på Førland viser til tidlegare vedtak og bed om at leidning frå Solend til vestsida av Austrheimvegen vert lagt i løpet av 2024/25, og vidareføring av leidning sørover på Førland i 2026/27.

Kommunedirektøren si vurdering;

Kommunedirektøren er samd i at det var noko uklart kva prioriteringsrekkefølge som var tenkt i høve fornying av leidningsnett opp mot vidare utbygging. Dette er forsøkt retta opp i framlegget.

Generelt ønskjer kommunedirektøren å sikra forsyning og fornya eksisterande leidningsnett, før det vert utført vidare utbyggingar.

Når kommunestyret vedtar å oppdatere handlingsprogrammet, vil det nye vedtaket erstatta tidlegare vedtak. Ut frå dei store utfordringane kommunen står ovanfor, finn kommunedirektøren ikkje å kunna tilrå at vatn til Førland vert prioritert dei næraste åra. Når det gjeldt detaljert trasè/innhald i ei eventuell utbygging mot Førland, vil dette måtta avklarast dersom det vert sett i gang prosjektering. Det kan då vera ei mogleg løysing at oppsitjarane etablera eit vasslag, og sjølv står for utbygging frå eit nærare definert punkt langs fylkesvegen.

Folkehelse

Reint vatn er verdas viktigaste ressurs. Eldre leidningsnett i dårleg stand gir høgare grad av lekkasjar, risiko for ureina drikkevatt og brot i vassforsyninga. Austrheim er i dag særleg sårbar sidan kommunen berre har vatn inn frå ei kjelde. Kommunedirektøren vurderer det difor slik at fornying av eksisterande leidningsnett og etablering av alternativ vassforsyning via Radøy er svært viktig for kommunen.

Miljø

Austrheim står allereie i dag for ureining til både vassdrag og indre fjordbasseng ved at avlaup går nærmast ureinsa ut. Kommunen har heller ikkje full oversikt over innhaldet i det som vert slept ut. Manglande anlegg for reinsing av avlaup kan påverka livet i både sjø og vassdrag, mellom anna med fare for tap av artsmangfald. Utslepp til indre fjordbasseng vil ikkje vera lovleg i framtida, ut frå miljøomsyn har kommunen difor ikkje noko anna val enn å etablera godkjente anlegg for reinsing av avlaup.

Økonomi

Moglege konsekvensar dersom kommunen ikkje oppfyller krava innan fristen vil vera bygge/etableringsstopp med påfølgande tap av arbeidsplassar og redusert innbyggjartal. Det er og varsla at det vil bli nytta dagmulktar for dei kommunane som ikkje oppfyller krava innan avlaup.

For innbyggjarane vil økonomisk konsekvens av tiltaka som må gjerast vera kraftig auke i gebyra innan vatn og avlaup.

Det må forventast høg fokus frå overordna styresmakter og media på avlaupsreinsing i åra framover. Det gir mogleg tap av omdøme dersom kommunen ikkje får på plass nødvendige anlegg.

Samla vurdering

Etterslepet innan vatn og avlaup er stort i heile Norge. Ei undersøking gjort av Norsk Vann estimerer eit investeringsbehov for over 300 milliardar kroner, og at gebyra må meir enn doblast i åra framover.

For Austrheim sin del er det særleg på avlaupssida situasjonen er krevjande, med to utdaterte reinseanlegg og manglande leidningsnett. EU sitt nye avlaupsdirektiv vil tvinga kommunen til store investeringar innan avlaup dei næraste åra.

Innan vatn er det avgjerande å sikra forsyninga, sikra beredskap samt å syta for at færre mister vatnet dersom det oppstår feil på leidningsnettet. Dette må etter kommunedirektøren sitt syn føra til at vassforsyning inn frå Radøy og utskifting av eldre leidningsnett vert prioritert før utbygging til nye

område.

Tiltaka i framlegg til handlingsprogram er etter kommunedirektøren sitt syn nødvendige for å sikra vassforsyninga og etablera godkjente anlegg for avlaup. Samstundes er det slik at det framleis er usikkerheit knytt til kva konsekvens EU sitt direktiv får. Vidare veit vi at direktivet kan setja fart i forskning og utvikling av nye løysingar for reinsing. Statlege støtteordningar for å hjelpa kommunane å finansiera utbygging innan VA-sektoren vert og diskutert. Kommunedirektøren tilrår difor at kommunestyret også vedtek moglegheit for årleg rullering av handlingsprogrammet.

Politisk vilje til å auka gebyra vil avgjera kor fort kommunen kan gjennomføra tiltaka i VA-planen. Fleire av prosjekta er så omfattande at dei må gå over fleire år. Ut frå omfanget av uløyste oppgåver og kostnad på nokre av enkeltprosjekta, vurderer kommunedirektøren at det vil vera nødvendig å investera i storleik 20-30 millionar årleg framover.

Konklusjon

Tiltaka i framlegg til handlingsprogram vatn og avlaup er nødvendige for å sikra at Austrheim har godkjente anlegg for avlaup og tilfredstillande leveringssikkerheit for vatn. Kommunedirektøren tilrår at handlingsprogrammet vert godkjent slik det ligg føre.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
079/23	Formannskapet	PS	31.08.2023
068/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-252	23/921

Auka låneopptak Husbanken 2023

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

Formannskapet - 079/23 - 31.08.2023

FS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

Saksopplysninger:

I budsjett for 2023 var der ikkje lagt opp til nye låneopptak knyta til startlån, desse låna blir finansiert med bruk av lån frå Husbanken. I sak 028/23 vart det tatt opp 10 millionar i startlån for 2023, desse midlane er nå oppbrukte. Startlåns midlar teke opp i Husbanken er lån som kommunen låne vidare til private personar i kommunen. Ordninga er meint å treffe dei som er varig vanskelegstilt i bustadmarknaden. Unge i etableringsfasen er ikkje ein del av denne gruppa. Kommunen tildeler midlar gjennom heile året innanfor lånerammene. Låna blir utgiftsført når dei vert utbetalt og dette kan føre til avvik mellom åra og ledige lånemidlar finns i balansen.

Vurdering

Austrheim kommune har nå samla 42,5 millionar. Behovet for denne type lån er til stades og ein ser at det gir varige vanskelegstilte tilgang til bustadmarknaden.

Så langt i 2023 er det utbetalt i fire saker:

1. Kjøp av leilegheit - Kvinne med varig låg inntekt, frigjort kommunal leilegheit
2. Kjøp av hus - Mann med deltids omsorg for born, får ikkje lån i ordinær bank
3. Kjøp av hus - Familie med born (flyktningar som Austrheim har teke i mot)
4. Kjøp av hus - Familie med born (flyktningar som Austrheim har teke i mot)

og gitt tilsagn i to saker

5. Rehabilitering (mindre beløp) – kvinne med omsorg for born
6. Kjøp av hus - Mann med deltids omsorg for born, får ikkje lån i ordinær bank (flyktning som Austrheim har teke imot)

Det betyr at potten for 2023, samt det som var att frå 2022, er disponert (sak 1 var tildelt i 2022, men utbetalt fyrst i 2023). Det ligg inne minst ein søknad som er kvalifisert, og utan påfyll blir det automatisk avslag.

Vilkåra som kommunen må legge til grunn ved låneopptak er regulert i kommunelova §14-14.

Låneopptak skal vere i samsvar med kommunestyret sitt vedtekne investeringsbudsjett, og kommunen sitt likviditetsbehov. Forventningar om renteendringar og rentenivå skal også takast med i vurderinga ved opptak av nye lån.

Gjeldsportefølja skal vera i tråd med ei kvar tid gjeldande lovar, reglar og føresegner. Kommunestyret vedtek storleiken for opptak av nye lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtaket. Opptak av nye lån skal elles skje i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar (lov og forskrift). Det skal innhentaast tilbod frå meir enn ein låneinstitusjon, og desse er venta å vera konkurransedyktige.

Austrheim kommune skal forvalta låne-portefølje på ein slik måte at finanskostnadane blir så låge som mogleg, samtidig som det vert teke omsyn til å ha føreseielege utgifter og akseptabelt nivå for risiko. I dette tilfelle er det lån som kommunen tek opp for å låne vidare til innbyggjar, utlån av desse midlane skjer etter gjeldande rente i Husbanken. Når det gjeld risiko ved desse utlåna så vert den vurdert gjennom gjeldande reglar knyta til startlån. Vi ser at behov for denne type lån er til stades og at det hjelper varige vanskelegstilte tilgang til bustadmarknaden. Ved å ta opp nye 5 millionar i startlån for 2023 vil ein kunne hjelpe 2-3 familiar til eigen bustad her i Austrheim.

Konklusjon

Kommune direktøren rår til at ein aukar låneopptaket i Husbanken med 5 millionar kroner slik at det samla låneopptaket for 2023 vert på 15 millionar kroner.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-252	21/20

Endra garanti til Sætre marka Borettslag

Vedlegg

Nedbetalingsplan Sætre marka borettslag

Søknad om refinansiering - Sætre marka Borettslag

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune garanterer for lån med sjølvskuldnargaranti for lån gjeven av Kommunalbanken på kroner 6 319 328,- til Sætre marka borettslag.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

For å kunne ta opp lån i kommunalbanken med best rente er det krav om at garantist gjev sjølvskuldnargaranti. Kommunen har i dag stilt med simpel garanti for dette lånet. Sætre marka borettslag har difor bedt om at kommunen stiller med sjølvskuldnargaranti for dette lånet. Ved å gje denne garantien til Sætre marka vil dei få ei betre rente og reduserte lånekostnader.

Drøfting

Det kan gjevast to ulike typar garantiar; Simpel garanti og sjølvskuldnargaranti. Ulikskapen på ein simpel garanti og ein sjølvskuldnargaranti er som følgjer: Ein simpel garanti trer fyrst i kraft når låntakar ikkje greier å oppfylle betalingsforpliktingane sine, og det ikkje er funnen dekning i deira eignelutar.

Ved ein sjølvskuldnargaranti kan långjevar velje å krevje dekning frå garantisten ved fyrste mislighald av lånet. Dette kan skje sjølv om det er gode moglegheiter for dekning hjå låntakar på sikt. Dette er ei stor føremon for banken. Samstundes medfører det større risiko for garantisten, som risikerer å stå ansvarleg for heile lånet ved mislighald.

Vilkåra vil vere ulike for dei to typane garantiar. Då risikoen vurderast som høgare ved ein simpel garanti speglar det att i lånet sine vilkår. Ved ein sjølvskuldnargaranti vert risikoen vurdert som lågare, og vi kan få betre rentevilkår enn ved simpel garanti. Neste steg i arbeidet vil vera at når

garantien er gjeven, vil lånet få endra rentefot.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve ein sjølvskuldnargaranti til Sætremarka burettslag, som gjer at dette burettslaget vil få betre rente på lån i Kommunalbanken.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
070/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Rosenlund	FE-153, FE-151, FA-H16	23/1020

Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen

Vedlegg

nordliheimen sjukeheim - Gulvrapport

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at det ikkje vert skifta golv i gangar på Nordliheimen som gjort greie for i saka.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde vedtak i sak 093/22 – 15.12.2022 følgjande punkt til investeringsbudsjettet:

1. Nordliheimen: Nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget, nytt golvbelegg i gangane, røykeskur for pasientar og tak over inngangspartia. Kr: 2 400 000,-. (Finansiert med auka låneopptak)

Arbeidet på Nordliheimen er godt i gang og det meste vil bli fullført hausten 2023. Ventilasjonsanlegget vil ikkje bli slutført før våren 2024 grunna byggtkniske utfordringar. Det vil difor i desember bli ei sak om overføring av midlane som er bevilga til 2024. Dei andre punkta vil bli slutført før nyttår.

I arbeidet med oppgraderinga av Nordliheimen er eit av punkta «nytt golvbelegg i gangane». Ved synfaring av fagfolk blei det merka at golvet er av ein slik standard at det ikkje er tilrådd å skiftast. Det treng kun små reperasjonar. Golvet vil halda i den levetida Nordliheimen vil eksistere som institusjon. Golvet i daglegstova vil bli skifta som planlagt då dette er av ein annan standard.

Uttale frå golvspesialist Hellestveit & Falkanger Gulv AS v/Svein-Cato Falkanger, tilrår polish og godt stell av golvet, framfor utskrifting.

Ved skrifte av golv, er det ikkje sikkert det kan gjerast kun ved å leggjast oppå eksisterande golv.

Dette vil medføre meir omfattande arbeid, støv og hinder for både tilsette og bebuarar.

Vurdering

Kommunedirektøren har vurdert tilrådinga frå spesialisten. Då det særskilt står i vedtaket at «nytt golvbelegg i gangane» er eit av tiltaka, må saka godkjennast av kommunestyret dersom det skal gjerast endring på dette.

Kommunedirektøren tilrår at det ikkje vert skrifty golv i gangane på Nordliheimen, då dette er i god stand. Kommunedirektøren vil gjere tilrådd polish og vedlikehald av golvet, slik at det vil helda seg bra frametter. Midlane avsett til føremålet, vil bli nytta til det resterande arbeidet.

Det er knytta stor risiko til at summen avsett til skifte av golv, ikkje vil vere nok dersom det skal leggjast nytt. Dette fordi ein ikkje veit om det gamle må fjernast før legging av nytt golv. Det vil i så høve medføre monalege større kostnader.

Det er viktig å peika på at det er gjeve tilskot til nye sko for alle tilsette på Nordliheimen. Dei har då hatt høve til å kjøpe sko tilpassa arbeidet.

Konklusjon

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at det ikkje vert skifta golv i gangar på Nordliheimen som gjort greie for i saka.

Grunngjeving gjeve i saka.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
071/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-033	23/1018

Reglement, ansvar og mynde for Levekårsutvalet 2023-2027

Vedlegg

Reglement for Levekårsutvalet i Austrheim

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek:

1. Reglement for Levekårsutvalet slik det ligg føre.
2. Levekårsutvalet skal ha 7 representantar. Leiar må vera medlem av kommunestyret.
3. Levekårsutvalet vert oppnemnd i konstituerande kommunestyre 26. oktober.
4. Utsendinga før Formannskapsmøta vert endra til 1 veke før møtet.
5. Kommunedirektøren innarbeidar endringane i «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune. Reglementsamling».

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i sak 016/23 å oppretta eit Levekårsutval for ny kommunestyreperiode 2023-2027:

«Austrheim kommune vedtar å innføra utvalsmodellen som ei prøveordning i neste valperiode. Ein startar med utval for oppvekst og velferd, utvalet skal heita Levekårsutvalet. Utvalet skal ha sju medlemer. Leiar av utvalet må vera medlem av kommunestyret for å kunna vera saksordførar der. Leiar av utvalet må presentera saker for formannskapet før det tas vidare til kommunestyret viss eit forslag til vedtak i kommunestyret medfører økonomisk kostnader. Det må leggjast tilstrekkeleg tid mellom utvalsmøta og formannskap/ kommunestyret slik at det er tid til å senda sakene vidare. Kommunedirektøren skal saksutgreia saker til utvalet. Det skal i forkant av valperioden 2027-2031 gjennomførast ei evaluering av ordninga.»

Etter kommunelova §15-13 heiter det:

Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a) *organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet*

- b) *tidsperioden som organet er opprettet for*

- c) *eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet.*
Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefelleskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

I §5-14 heiter det at kommunestyret og fylkestinget fastset sjølv eit reglement for korleis vedtaksmynde og innstillingsrett skal delegerast. Dette skal gjerast innan 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget vart konstituert.

Kommunestyret reviderte sist «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune» i KS-sak 021/22 – 07.04.2022. Då ein handsama reglementsamlinga var det ikkje vedteke å oppretta eit levekårsutval.

Reglementa vil koma til handsaming tidleg i ny kommunestyreperiode. Då det ikkje er vedteke eit reglement for Levekårsutvalet, meiner kommunedirektøren det er naturleg at det vert lagt fram eit framlegg til reglement. Det vil gjere det føreseieleg for kva saker utvalet skal handsame og saksgang.

Det sist fastsette reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjeld inntil eit nytt reglement er fastsett.

Når ein no legg fram «Reglement for Levekårsutvalet» vil det gjelde fram til ny gjennomgang første del av 2024 og ein kan då gjere endringar om ein ynskjer det.

I gjeldande reglement står det i punkt 14.5. Møte/sekreteriat i andre avsnitt:

«Fristen for at sakene skal vere utlagt og tilgjengelege på nettet, er 2 veker».

Det vil vere lite føremålstenleg og medføre lengre sakshandsamingstid om dette framleis skal gjelde. Det er særskilt for saker som skal innom levekårsutvalet og vidare til formannskapet før det endeleg skal vedtakast i kommunestyret. Kommunedirektøren tilrår at det vert endra til 1 veke før møtet.

Vurdering

Kommunedirektøren meiner at det må på plass eit reglement for levekårsutvalet. Då det i dag ikkje er noko reglement, er det viktig at det kjem på plass for å ha tydeleg føring for saker som skal handsamast, mynde og saksgang. Ein kunne vente til nytt kommunestyret er konstituert, men det ser kommunedirektøren som lite tenleg då det i dag ikkje er noko reglement. Nytt kommunestyre har full rett og moglegheit til å endre reglementet når dei vert lagt fram tidleg i 2024.

I eksisterande reglement står det at sakspapira til formannskapet skal sendast ut 2 veker før møtet. Når saker skal gå frå levekårsutvalet, via formannskapet til endeleg handsaming i kommunestyret, vil det medføre sær lang saksgang. Ein ser også i dag at det kan vere knapt med å ha sakene klar 2 veker før møtet. Kommunedirektøren meiner det vil vere betre og meir effektiv sakshandsaming med å endre utsendinga til 1 veke før kvart møte i alle utvala, FS, LK og KS.

Kommunedirektøren har utarbeidd framlegg til retningslinjer for Levekårsutvalet og det ligg ved saka.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek:

1. *Reglement for Levekårsutvalet slik det ligg føre.*
2. *Levekårsutvalet skal ha 7 representantar. Leiar må vera medlem av kommunestyret.*
3. *Levekårsutvalet vert oppnemnd i konstituerande kommunestyre 26. oktober.*
4. *Utsendinga før Formannskapsmøta vert endra til 1 veke før møtet.*
5. *Kommunedirektøren innarbeidar endringane i «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune. Reglementsamling».*

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
080/23	Formannskapet	PS	31.08.2023
072/23	Kommunestyret	PS	21.09.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-U63, HistSak-22/6	23/6

Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel

Vedlegg

Framlegg til skjenkeområde i og ved Austrheim kommunehus

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarende alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.

Formannskapet - 080/23 - 31.08.2023

FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det vanlegvis er 4 til 10 personar som er tilstades på ei slik vigsel, men maksimalt 20.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om det vert laga eit kart som viser området, dette vart støtta av Lerøy.

Dyrkolbotn (KrF) sa at han uansett vil seia nei.

Morten Sognnes (H) sa at skjenkeløyvet gjerne kan gjelda på framsida av bygget også.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det kan lagast kart til saka skal opp i kommunestyret.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er OK med tusenårsplassen, men ikkje framsida som er tett på fortau og anna.

Inger Lise Brekke (H) sa at det må vera lov å ta glaset med seg ned til Samuel Lervågs plass og kunstbrua for å ta bilde eller liknande.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at det skal lagast kartskisser før handsaming i formannskapet, vart vedteke med fire mot ei røyst. Helge Dyrkolbotn, KrF, røysta mot.

FS - vedtak:

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarande alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplatsen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg. Det skal lagast kartskisser for kvar løyvet gjeld, dette skal leggest ved saka til kommunestyret.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Champagne eller andre typar musserande vin er ofte ein del av feiringa ved ei vigsel, anten det er ein glas som skål for brudeparet, eller som del av bryllaupsbiletet.

Det har komme ønskje om å ha eit løyve til å nyta champagne i samband med vigsel på kommunehuset. Dette skjer nok ganske ofte rundt om i ulike kommunar i samband med vigsel, anten seremonien er på kommunehuset eller utandørs på ein plass som Vardetangen.

Det som er spesielt for Austrheim kommunehus er at kommunestyret tidlegare har tatt stilling til om det skal vera mogleg å få skjenkeløyve til bygget (kantina/Austrheimstova). I kommunestyresak 038/08 (frå 2008) vart politikarane spurt om skjenking på Seniorsenteret, Austrheimhallen og kommunehuset. Dei folkevalde konkluderte den gongen med at rådmannen (som det heitte då) kunne bestemta over Seniorsenteret, dei ville sjølve ha styringa med skjenking i Austrheimhallen, medan kommunehuset vart teke ut av lista.

Sidan det siste politiske vedtaket er mot skjenking på kommunehuset, meiner kommunedirektøren at det er rett at kommunestyret får ta stilling til ei ev. endring.

Vurdering

Folkehelse:

Bruk og misbruk av alkohol kan gje ulike folkehelseproblem, men det er ved inntak av andre omfang enn det er tale om her, med eit glas til kvar.

Miljø:

Ikkje relevant.

Økonomi:

Vanlegvis vert det skrive ut gebyr ved skjenkeløyve, på kring 400 kroner (statleg sats), men vil vera unaturleg å krevja her. Det vil fungera som eit generelt løyve utan søknad, og dermed også utan sakshandsaming.

Før saka blir sendt ut til formannskapet har administrasjonen ikkje nådd å spørja politiet om deira meining. Det vil bli gjort, og innspelet lagt fram i samband med handsaminga i kommunestyret.

Konklusjon

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarande alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.